

Frå Jaslangen, akvarell av Gro Bjørhei

Årsmelding 2007

Innhald

side

Fjellstyre	3
Medlemmer	3
Aktivitet.....	3
Fjellopsyn	3
Tilsette.....	3
Aktivitet.....	3
Refusjon	4
Samarbeid – oppdrag.....	4
Stølsbruk	4
Stølsforskrift.....	4
Stølar, beite og tilleggsjord	4
Områdetiltak ”Heime og på støle”	4
Tomtefeste	5
Næringsfester	5
Hyttfester.....	5
Bustadfester.....	5
Tomtefestelov.....	5
Festeinntekter	5
Fiske	5
Sal av fiskekort.....	5
Stamfiske/fiskeutsetting	6
Registreringar.....	6
Småviltjakt	7
Jaktkortsal	7
Forvaltning	7
Elgjakt	7
Administrasjon	7
Elgtrekk.....	8
Driftsplanarbeidet.....	8
Valhall	8
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen.....	8
Hjortejakt	8
Rådyrjakt	8
Jaktprøver	9
Informasjon - tiltak for friluftsliv	9
Informasjon	9
Inatur - internettportal	9
Turkart.....	9
Tilrettelegging for friluftslivet.....	9
Rekruttering til friluftsliv	9
Motorisert ferdsel i utmark	10
Tilskot	10
Tilskot frå fjellstyret.....	10
Grunneigarfondet	10
Økonomi	11
Generelt	11
Resultat.....	11
Eigenkapital.....	11
Vasetfondet	12
Vedlegg til årsmeldinga:	
Resulatrekneskap.....	13
Balanse	15
Revisjonsmelding	16

Årsmelding 2007

Fjellstyre

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning fram til 22.10.08:

Leiar Kjell Strand
Nestleiar Kari Tyldum
Styremedlem Hilde Berge
Styremedlem Embrik Før
Styremedlem Kjell Magne Snortheimsmoen

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning etter 22.10.08:

Leiar Kjell Strand
Nestleiar Kari Tyldum
Styremedlem Kjell Magne Snortheimsmoen
Styremedlem Anne Live Garvik
Styremedlem Arild Brattrud

Aktivitet

Fjellstyret har hatt 8 ordinære styremøte, behandla 67 saker og vore på 2 befaringar. I tillegg deltok representantar på årsmøtet for fjellstyra i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om stølsprosjekt, møter om driftsplan for elg m.m.

Fjellstyreleiar Kjell Strand er representert i styret for Norges fjellstyresamband, styret for Fjellstyra i Oppland, styret for FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Fjellstyreleiaren har i tillegg delteke på ulike møter og befaringar. Nestleiar Kari Tyldum er representert i styret for områdetiltaket ”Heime og på støle”.

Fjelloppsyn

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjelloppsyn I: Harald Ranum i 100 % stilling.

Fjelloppsyn II: Erle Frantzen har vikariert i stillinga som fjelloppsyn II frå 1.juli til 31. oktober. Ho er fast tilsett i 60 % stilling som fjelloppsyn II frå 1.1.08.

Fjellstyret lønnar i tillegg for ei 25 % stilling i stølsprosjektet ”Heime og på støle” i samarbeid med Vestre Slidre kommune. Hanne Lykkja er tilsett som prosjektleiar i 100 % stilling.

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med jaktkortsøknader, tiltak for friluftslivet, og fiskekulturarbeid.

Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåve for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver.

Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Regelverket for tildeling av refusjon skal vurderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 245.426 (2006: 227.241) i refusjon frå staten.

Samarbeid – oppdrag

Siste år hadde ein følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige

Vang fjellstyret sa i 2007 opp samarbeidsavtale om kjøp av oppsynstenester.

Inntektene ved utleige av tenester er kr 23.039 (2006: 87.838).

Stølsbruk

Stølsforskrift

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har vedteke endringar stølsforskrifta. Det er ikkje så store endringar i sjølve forskriftsteksten. I rettleiar har likevel departementet innført ny tolking av forskrifta. ut frå at tida og tilhøva. Bruksretten skal etter fjellova § 2 kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva. Utøving av bruksretten skal derfor kunne variere over tid og variere mellom allmenningane.

Stølar, beite og tilleggsjord

Fjellstyret har behandla fire søknader om tilleggsjord, tre er tilrådd ein er frårådd. Vidare har fjellstyret godkjent to mindre utvidingar av stølsvoll. Eit feste på tilleggsjord har falt i det fri og er lyst ledig. Ein søknad om å få omdisponere stølshus til fritidsfeste er avslege.

Statskog har i klagesak til Statens landbruksforvaltning (SLF) hevda at fjellstyret ikkje hadde rett til å godkjenne sel på støl til eit sauebruk. SLF stadfesta fjellstyret sin rett til å gjera vedtak. Ved fleire høve har Statskog vist at dei har ei anna syn på kva som er nødvendige hus på støl.

Mykje av sakene fjellstyret har behandla gjeld bygging på støl. Fjellstyret har derfor starta opp ein prosess med å lage til ein rettleiar for bygging i statsallmenningen. Rettleiaren er tenkt som støtte for stølsbrukarane ved utforming av søknad og til støtte ved behandling av søknader.

Samla er det 297 enkeltstølar, 1 fellesstøl og 67 fester for kulturbeite/tilleggsjord i statsallmenningen. Samla utgjer dette ca 10.000 daa dyrka mark. Dette er utan samanlikning det mest intakte og aktive stølsområdet i landet.

Områdetiltak ”Heime og på støle”

For å bevare det unike stølsbruket i Vestre Slidre gjennomførte kommunen og fjellstyret eit forprosjekt i 2005 for å vurdere eit områdetiltak knytt til satsing på stølsbruk. Som resultat av dette starta partane i 2007 eit brukarstyrt treårig områdetiltak. Det er tilsett prosjektleiar i 100 % stilling som har kontor plass i kommunehuset. Målet for tiltaket er å oppretthalde den aktive stølsdrifta og dei verdifulle kulturlandskapa i fjellet. Arbeidet vil skje ved tiltak retta både mot garden og stølen. Fjellstyret lønnar 25 % av stillinga som prosjektleiar.

Tomtefeste

Næringsfester

Fjellstyret har behandla søknad om tilleggsareal på Nøsen fjellstue for bruk til reinseanlegg. Ved behandling av reguleringsplan i 2006 frårådde fjellstyret godkjenning av reguleringsplanen før det var avklara om avsett areal til reinseanlegg var tilstrekkeleg. Fjellstyret sin merknader vart ikkje teke til følge. Etter fjellstyret sitt syn er det ikkje akseptabelt at området kan bli teke i bruk bit for bit ved dispensasjonar. Fjellstyret tilrådde derfor at det vart stilt krav om plan for reinsanlegg for samla utbygging på Nøsen fjellstue innanfor dei rammer som ligg i reguleringsplanen.

Samla er det 16 stk fester for reiseliv- og andre næringsbedrifter i statsallmenningen.

Hyttefester

Samla er det 591 fester til hytter i statsallmenningen. Dette er ein liten nedgang fordi det er løyst inn tomter. Orientering om innløyising i avsnitt om tomtefestelov. Det er tidlegare godkjent fortetting i hyttfeltet Øvre Stubbeset og dette vil starte opp i 2008.

Bustadfester

Samla er det 10 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett ei nytt område i kommunedelplan for Vaset til bustadføremål. Området er ikkje teke i bruk.

Tomtefestelov

Stortinget vedtok i 2004 endringar i festeloven som gjorde det mulig å løyse inn bustad- og fritidsfester. Tomtefesteloven vart reversert i 2006 slik at det ikkje lengre er innløyisingrett for fritidsbustad i statsallmenningar. Reversering av lova vil sikre fjellstyret eit godt økonomisk grunnlag for å drive aktiv forvaltning i framtida også. Det vart vedteke overgangsreglar i tomtefesteloven som gjer at innløyising vart gjeldande t.o.m. 2007. I denne perioden er det løyst inn 8 festetomter.

Festeinntekter

Festeavgift for hytter og hotell blir delt 50/50 mellom fjellstyret og grunneigarfondet. Festeavgifter gav fjellstyret ei inntekt på kr 1.089.157 (2006: 999.320).

Beløpet som er betalt ved innløyising av hyttetomtene blir og delt likt mellom fjellstyret og grunneigarfondet. Dette gir ei inntekt til fjellstyret på kr 1.057.574. Av dette er kr 725.074 er utbetalt i 2007 og resten vil bli utbetalt i 2008.


Fiske

Sal av fiskekort

Det vart selt 1316 fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande. Dette er ein oppgang på 103 kort samanlikna med året før. Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 171.410 (2006: 165.620).

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	År
4	1	1	72	1	2	0	34	405	258	60	158	93	55	39	133
78				327				881				320			
115								1201							
1316															



Fiskekort vart for tredje år selt via SMS på mobiltelefon (425 kort). Dette viser seg å vera ei svært vellykka ordning der kort alltid er tilgjengeleg. Fiskekort er også tilgjengeleg på buttkikar o.l. Kortsal på internett (www.inatur.no) har enno ikkje fått noko stort omfang (24 kort).

Stamfiske/fiskeutsetting

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter FOSA har sikra større leveringsavtale er det behov for meir rogn. Vi leverte i 2007 9,7 liter rogn til FOSA. Fjellstyret har i 2007 ført opp naust ved Grønsenn til arbeidet med stamfisket.

Fjellstyret har sett ut 1000 2-årig settefiske i Nørre og Midtre Syndin. I dei andre mindre vatna vart det ikkje sett ut fisk. I Storfjorden vart set som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk.

Registreringar

I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrere grunnlag å vurdere kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna.

Småviltjakt

Jaktkortsal

Jaktkortsålet gav ei inntekt på kr 400.765 (2006: kr 310.858).

Jaktkortsal									
innanbygds		Utanbygds							
fritt kortsal		regulert sal				fritt kortsal			
u/hund	m/hund	u/hund		m/fuglehund		m/harehund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund
		1.p	2.p	1.p	2.p				
24	36	48	37	84	89	42	231	111	86
60		85		173		42	428		
		300							
		728							
788									

Direktoratet for naturforvaltning har sett krav om at det skal vera 1-dags kort for småviltjakt. Fjellstyret har tidlegare hatt 2-dagarskort. Talet på kort er derfor auka sett mot tidlegare år og tala kan ikkje samanliknast mot tidlegare år.

Forvaltning

Fugl:

Utover 90 talet gjekk bestanden og avskytinga av rype ned år for år. På bakgrunn av dette reduserte fjellstyret jaktpresset ved ulike tiltak. Talet på jaktkort vart redusert med 20 %, lirypa vart freda for alle korttypar etter 10 dagar, det vart innført dagskvote på 2 liryper og 2 fjellryper og jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde kote 1200 moh på Bukono- og Gilafjellet. Etter initiativ frå jeger- og fiskarlaget vart jakttida for småvilt, utanom lirype, utvida til 15. desember. Tiltaka har redusert jaktpresset på rype samstundes som vi har kunne gi jegerane eit jakttilbod. Etter tusenårsskiftet har rypebestanden auka att.

Tidlegare meinte forskarane at jakt hadde liten innverknad på rypestamma. Nyare forskingsresultat tyder på at jakt likevel har stor innverknad, særleg i lett tilgjengeleg terreng. Dette vil stille større krav til forvaltninga av viltet i framtida, med betre tilpassa avskyting etter storleik på bestand. Fjellstyret har venta på sluttrapport frå det 5-årige "Rypeprosjektet" for å vurdere ny forvaltningsmodell. Det ser ikkje ut som denne vil koma og det er i staden starta opp eit heilt nytt prosjekt. Vi får sjå om det blir noko praktisk resultat av dette.

Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men jaktpresset har gått ned i takt med redusert bestand.

Elgjakt

Administrasjon

Administrasjon av elgjakta er frå 2004 administrert av fjellstyra, dette har tidlegare vorte gjort av Statskog. Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Kontraktarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 197.949 (2006: kr 104.008,80). Det er gjort forskriftsendring slik at det ikkje skal reknast meirverdiavgift ved utleige av elgjakt i statsallmenning.

Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terreng, samstundes gir dette elgjegerane eit godt tilbud for framkjøring av elg. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 2.850 (2006: kr 1.200).

Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlaga i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom arbeidet med driftsplan har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Ein ny plan for 2006-2009 er godkjent. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterk vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga vore meir stabil seinare. Taksering av elgbeita i 2005 syner at vinterbeitene i kommunen er hardt belasta. Elgstamma bør derfor ikkje aukast. For å bevare vinterbeite har uttaket det siste året derfor vorte auka.


Valhall

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i Valhall. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman 27 elg i allmenningen i 2007, grunnkvota var 24 dyr. Fellinga fordeler seg slik: 11 kalv, 3 ungdyr, 7 vaksne koller og 6 vaksne uksar. Felling har ikkje vore så høg sidan 2001.



Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

Rådyrjakt

Kortsalet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 5 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Kortsalet gav ei inntekt på kr 1.000 (2006: kr 960).

Jaktprøver

Det vart arrangert både vinterprøve og haustprøve. Det var ingen merknader til avviklinga av prøvene. Prøvene gav ei inntekt på kr (2006: kr 4.875).

Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret. Fjellstyret har internettsider (www.vestre-slidre-fjellstyre.no) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

Fjellstyret har laga til ein versjon av turkartet som er lagt ut på nettsida til fjellstyret. Dette er eit interaktivt kart med søkeboksar for hytteutleige, bedrifter, kulturminne m.m.

Inatur - internettportal

Internettportalen www.inatur.no er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart.

Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.

Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 36.000 (2006: kr 30.632,98).

Tilrettelegging for friluftslivet

Pga den økonomiske situasjonen til fjellstyret er det dei siste åra berre gjort vedlikehald og mindre tiltak for friluftslivet. Ut frå at den økonomiske situasjon er betra dei siste to åra, er det rom for å gjera slike tiltak att.

Fjellstyret har i samarbeid med turistnæringa starta opp eit prosjekt for tilrettelegging for sykkel i vestfjellet. Det er utarbeidd plan for tiltak som går over fleire år. Fylkesmannen støtta tiltaket med kr 20.000. Kvar av dei fire partane går inn med kr 8.000 årleg.

Oversikt over tidlegare gjennomførte tiltak:

Informasjonstavler: 10 stk

Skilt: 81 stk

Rastebord: 29 stk

Doar: 10 stk

Parkeringsplassar: 11 stk

Open bu: 1 stk

Båt til fri bruk: 1 stk

Rekruttering til friluftsliv

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare. Det er gjennomført ein fiskedag i juni ved Buaråne for 6.

klassane og fiskedag ved Buaråne i juli. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen.

Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort for ungdom tom 20 år. Frå 2005 omfattar ordninga gratis jaktkort for ungdom tom 20 år.

Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om "Fjellstafetten" ved praktisk arbeid og dekning av kostnader.

Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter varierar frå år til år. Hovudintrykket i 2007 er at det er mindre ulovleg kjøring i statsallmenningen. Erfaring syner likevel at ein del miljøet er tøffare og politiet tilrår at fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine.

Frå Regionalt oppsynsutval er det ynskje om snøskuterkontroll over kommunegrensene mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Fjellstyret har vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for dette føremålet. Det vart ikkje gjennomført fellesaksjonar i 2007.

Direktoratet for naturforvaltning har sendt ut framlegg til endring av lovverket til høyring. Endringane går i hovudtrekk Det er forslege ein del innstrammingar. Fjellstyret positive til ein del av endringane, men meinte at innstrammingane gjekk for langt på ein del område.

Kommunen har behandla i 2007 snøskuterløyver for neste fireårsperiode og fjellstyret meinte vedtaket ikkje var i samsvar med lovverket. Fjellstyret har klagt over vedtaket og saka er oversendt fylkesmannen til avgjer.

Tilskot

Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr i tilskot 161.988 (2006: kr 163.256).

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret innført tilskot til framføring av straum til stølane. Stølbrukarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot avgrensa til kr 50.000. Tilskotsordninga har ei årleg ramme på kr 200.000. Denne tilskotsordninga vil til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte.

Tilskot er fordelt slik:

Tilrettelegging for friluftslivet i Strø	kr	7000,00
Stølsfestival	kr	5000,00
Ryddetiltak	kr	3000,00
Stølspost	kr	8500,00
Framføring av straum til stølar	kr	138.488,00
Sum	kr	161.988,00

Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane.

For 2007 var det sendt inn tre søknader om tilskot frå grunneigarfondet. Ingen av søknadane fekk støtte.


Økonomi

Generelt

Fjellstyret er eit frittstående organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

Resultat


Rekneskapet syner inntekt på kr 3.029.165 (2006: kr 1.985.319) og utgift på kr 1.602.253 (2006: kr 1.673.122). Dette gir eit overskot på kr 1.426.912 (2006: kr 312.196). Det spesielt store overskot kjem av innløysing av hyttefester på kr 725.074. Fråtrekt inntekter for innløysing er vanleg driftsoverskot på kr 701.838.



Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12 kr 2.697.827 (2006: kr 1.270.915) inkludert varige driftsmidlar på kr 360.241 (2006: kr 222.003) og festefond kr 725.074 (2006: kr 0). Disponibel eigenkapital er kr 1.612.512 (2006: kr 1.048.912).

Eigenkapitalen var så låg nokre år at vi måtte låne for å drive gjennom året. Etter å ha redusert utgiftene dei siste fire åra og ved at festeinntekter har auka, er fri eigenkapital så stor at dette ikkje lengre er eit problem. Ein stor del av eigenkapitalen er bunden opp i festefond eller bygningar og er derfor ikkje disponibel.



Vasetfondet

Fjellstyret er tillagt administrasjon av Vasetfondet. Fondet var som ein kompensasjon for turistutbygging på Vaset og skulle brukast til tiltak knytt til stølar i området. Fondet er i realiteten avvikla og det står berre att sluttutbetaling når dei siste tiltaka er gjennomført.

Slidre den 5.3.2008

Kjell Stand
fjellstyreleiar

Kari Tyldum
nestleiar

Kjell Magne Snortheimsmoen
styremedlem

Arild Bratrud
styremedlem

Anne Live Garvik
styremedlem

Harald Ranum
dagleg leiar

Vedlegg: Resultatrekneskap
Balanse
Revisjonsmelding

Resultat
for
VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Kontonavn	År 2007	År 2006
Salgs- og driftsinntekt		
Rognsalg	17 460	13 680
Kartsalg avg. pliktig	36 000	30 633
Webkart-oppføring	0	14 250
Elgtrekk utleie	2 850	1 200
Elgjakt mva.pl.	0	104 009
Rådyr-jaktkort mva.pl	0	960
Oppdrag utleige avg.pl	20 461	24 300
Varesalg /uttak av varer	153	320
Refundert fellingsavgift elgjakt	9 330	6 470
Rådyrkort mva.fri	1 000	
Elgjakt Grunnavgift avg.fri frå 2007	197 949	
Fiskekort utanbygds	144 925	139 875
Fiskekort innanbygds	26 485	25 745
Jaktkort utanb. regulert	285 130	235 050
Jaktkort utanb. uregulert	85 815	40 915
Jaktkort innanbygds	29 820	26 090
Jaktprøve	17 970	4 875
Oppsynstj. utleie avg.fri	2 578	63 538
Vassdragreg. & premiering Bægav.	8 185	8 185
Tilskott	62 500	25 222
Refusjon oppsynutg. stat	245 426	227 241
Ufakt. oppsyn, jaktkort mm	0	-10 200
Festeavgift	1 089 157	999 321
Innløysing festetomter	725 074	
Salgs- og driftsinntekt	3 008 268	1 981 678
Varekostnad		
Kart kostnader	10 750	2 873
Lagerending kart	-3 440	16 400
Innleigd arbeid stølsprosjekt	125 000	20 000
Varekostnad	132 310	39 273
Dekningsbidrag	2 875 957	1 942 406
Lønnskostnad		
Lønn til ansatte	313 819	475 609
Div tillegg fjelloppsyn	82 067	56 382
Lønn midlertidig tilsette	145 126	37 823
Lønn fjellstyremedlemmer	16 305	23 848
Feriepenger	64 921	68 395
Periodisert lønn & avg.	0	0
Fri telefon	3 149	5 702
Pensjon klp fri	76 204	69 948
Pensjon klp motkonto	-76 204	-69 948
Fri forsikring	269	396
Motkonto fri telefon	-3 149	-5 702
Motkonto fri forsikring	-269	-396
Møtegodtgj. Fjellstyre	37 863	42 142
Arbeidsgiveravgift	43 185	45 539
Arb.giv.avg av påløp. Feriepenger	4 157	4 375
Aga.pl. pensjonskost	76 204	69 948
Pensjon KLP e.kap. innsk. u.aga	2 583	2 975
Refusjon av sykepenger	0	0
Refusjon av arbeidsgiveravgift	0	0
Yrkesskadeforsikring	2 622	2 507
Lønnskostnad	788 852	829 543

Driftskostn. og av- og nedskrivninger		
Avskriv. bygning/fast eie	10 096	10 000
Avskr. maskiner og inventar	14 000	14 000
Leie lokale	38 392	38 392
Reinhold lokale	8 815	9 344
Lys/varme lokaler	10 122	9 993
Leie datasystemer	0	13 050
Utstyr/mater.kjøp/rep	10 690	34 013
Telefon/datautstyr mm	8 529	8 824
Inventar	0	0
Arbeidsklær og arbeidsutstyr	9 304	1 356
Fiskekulturarbeid	67 381	99 106
Jakt & fiskestatistikk	16 305	10 513
Jegerprøve	0	8 036
Friluftsmidler	9 303	58 447
Snøscooter/elgtrekk	7 573	19 473
Diverse utgifter	2 969	1 519
Revisjonshonorar	4 063	6 250
Regnskapshonorar	25 875	30 666
Utsending fiskekort	0	0
Kontorrekvisita	14 545	18 461
Aviser, tidsskrifter, bøker o l	1 154	1 653
Møte, kurs, oppdatering o l	750	400
Telefon fast V.S. Fjellstyre	4 559	3 418
Mobil 952 88 222 endre/agnes	3 166	3 429
Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	3 395	4 568
Tlf 613 43 300 Harald Ranum	0	0
Mobil 450 13 346 sense, sesongoppsyn	717	157
Porto	8 303	8 224
Driftskostn. og av- og nedskrivninger	280 004	413 294
Annen driftskostnad		
Bil & km godtgj. oppg.pli	38 637	45 779
Diett/reise utgifter	7 865	13 966
Diett statens satser	6 420	6 088
Annen godtgj.motorsag/tlf	4 000	6 400
Provisjon kortsalg	36 380	31 633
Annonser	14 638	9 507
Internett, domene mm	4 631	4 631
Kontingent, fradragsberettiget	81 500	80 615
Tilskott stølsveg	0	116 906
Tilskott aggregat/straum på støl	138 488	
Tilskott almenn.formål	23 500	16 350
Tilskott Stølsprosjekt	0	30 000
Gaver	8 926	1 635
Forsikringspremie	8 032	7 299
Styre & bedr.forsaml.møte	5 116	3 532
Bank- og kortgebyr	1 048	636
Purregebyr kunder/leverandør	678	212
Administrasjonsavgift jakt mm	21 229	15 824
Annen driftskostnad	401 087	391 013
Driftsresultat	1 406 015	308 556
Renteinntekt bank	18 597	3 641
Renteinntekt FOSA	2 638	0
Rentekostnad leverandører	-338	0
Netto finansposter	20 898	3 641
Ordinært resultat før skattekostnad	1 426 912	312 196
Ordinært resultat	1 426 912	312 196

Balanse
for
VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Kontonavn	år 2007	år 2006
EIENDELER		
Lager vaset	170 000	180 000
Naust til stamfiske	59 600	
Snøscooter Polaris 800 Svitchb.	28 000	42 000
Aksjer	1	1
Valdres utmarkskontor	1	1
Langs. fordr. FOSA as	1	1
Langs. lån til FOSA as	102 638	
Anleggsmidler	360 241	222 003
Lager kart	3 440	0
Kundefordringer	197 418	163 371
Negativ lønn	17 795	0
Opptj. ikke fakt. dr.innt	50 000	0
Påløpt renteinntekt	241	0
2153.07.04561 driftskonto	2 065 289	910 805
2153.60.04669 kapitalkont	138	135
2153.07.08567 oppdragskto	1 734	4 606
2153.52.26269 jaktkort	563 578	261 464
2153.52.26226 fiskekort	0	28 603
2153.69.00125 skattetrekk	24 858	80 601
Omløpsmidler	2 924 491	1 449 584
Eiendeler	3 284 732	1 671 587
EGENKAPITAL OG GJELD		
Annen egenkapital	-1 972 753	-1 270 915
Fond for innløste festetomter/avgifter	-725 074	
Opptjent egenkapital	-2 697 827	-1 270 915
Egenkapital	-2 697 827	-1 270 915
Leverandørgjeld	-664	-34 855
Forskuddstrekk	-74 727	-80 601
Fagforeningskontingent	-3 420	0
Oppgjørskonto merverdiavgift	-5 051	-40 784
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-19 291	-20 195
Påløpt arbeidsgiveravgift	-4 155	-4 375
Skyldig lønn	-132 719	0
Utlegg tilsette	-3 736	-2 966
Skyldige feriepenger	-64 921	-68 395
Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.	-4 720	0
Avsetning tilskott veg	-113 500	-113 500
Avsetning andre tilskott	-35 000	-35 000
Annen kortsiktig gjeld	-125 000	
Kortsiktig gjeld	-586 905	-400 672
Gjeld	-586 905	-400 672
Egenkapital og gjeld	-3 284 732	-1 671 587

Valdres kommunerevisjon

Til
Styret i Vestre Slidre Fjellstyre

REVISJONSBERETNING FOR 2007

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre Fjellstyre for regnskapsåret 2007, som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 1.426.911,86 og en egenkapital på kr 2.697.827,21. Årsregnskapet består av resultatregnskap og balanse. Årsregnskapet er avgitt av styret. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold, i henhold til kravene om regnskapsføring med mer i Lov om utnyttning av rettar og lunnende i statsallmenning m.m. av 6.juni 1975 nr 31 (Fjellogen) og tilhørende forskrifter.

Vi har utført revisjonen i samsvar med Fjellogen av 6.juni 1975, forskrift om delegering av myndighet etter fjellogen av 1.juli 1995, Statskogs rundskriv 1/2003 og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av lov, forskrifter og god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av fjellstyrets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi har ikke mottatt årsmeldingen til revisjon, og kan derfor ikke uttale oss om årsmeldingen samsvarer med årsregnskapet.

Med unntak av forbeholdet vedrørende årsmeldingen mener vi

- at årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrift og gir ett uttrykk for fjellstyrets økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet i regnskapsåret.
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Fagernes, 05.03.2008


Øge Sandengen
revisjonssjef / registrert revisor

Valdres kommunerevisjon
Postboks 142
2901 FAGERNES

Org.nr. 976 662 121
Leder er medlem i Norges Kommunerevisorforbund og Den norske Revisorforening
Side 1 av 1

Telefon 61 35 93 31
Telefaks 61 35 90 01
Mobiltlf. 90 94 47 97